

# Multikulturalismens to andlet

## Korleis bør multikulturalismen møtast når han no er på full fart inn i norsk politikk?

Ein ny type politikk krev sin plass i vestlege samfunnet – multikultiideologien. Siste nummer av Dag og Tid gav brei omtale til krava frå Det muslimske rådet i Storbritannia om at britiske skular må verte meir spesialinnretta for muslimsk kultur. Den britiske tabloidpressa reagerte, som ho plar, med raseri. Andre jubla over framlegga. Storbritannia har av mange – ikkje minst britar – vore sett på som eit føregangsland i integrasjonsspørsmål. Alt i 1966 slo Labour-minister Ray Jenkins fast at i staden for assimilasjon skulle det støttast opp om dei ulike kulturane i landet. Og meir enn i andre vestlege land er det i britiske skular, på universiteta og i marknaden lagt opp til separate ordningar for kvar av minoritetsgruppene meir enn i andre vestlege land.

## Terror

Men britisk integrasjonspolitikkk er likevel knappast ei samanhengande suksesshistorie. Talsmenn for multikulti-ideologien kan ikkje vise til England og seie: Sjå alt vi har fått til her! Éin ting er terroråtaka som vart utførde av det som å sjå til var vel integrerte britiske muslimar. Noko anna er opplysningane som vart kjende i ei oppsiktsvekkjande undersøking nyleg om at brorparten av dei unge britiske muslimane set den muslimske tilhøyrsla – fellesskapet med mellom anna afghanske, norske og saudiarabiske muslimar – høgare enn den britisk-nasjonale tilhøyrsla. Unge muslimar legg ekstreme haldningar for dagen; over ein tredjedel meiner det bør vere dødsstraff for dei muslimane som bryt med islam. På høgresida i politikken og i den populistiske delen av media har multikulturalismen kome i vanry (The Economist 3–9.2.07). Samfunnet er på ingen måte prega av minoritetsgrupperingar som kjenner djup takksemnd over viljen frå samfunnet til å kome dei i møte. Multikulturalismen slik han er realisert i England, er ikkje eit føredøme.

## Janusandlet

Multikulturalismen har eit janusandlet. Han er konstruktiv fordi han avdekkjer at det som skal vere felles i samfunnet, i røynda er meir tilpassa ei etnisk gruppe enn andre. Noreg er i praksis mest for Ola og Kari, men Ola og Kari trur Noreg er like mykje for alle. Pensum, fjernsynsprogram, feriedagar, skulebygningar, arbeidsmiljølovgeving. Alt speglar att ynska til ei etnisk gruppering.

Men på den andre sida er ikkje multikulturalismen ei god oppskrift for korleis integrasjon bør gå føre seg. Identitetspolitiske avvegingar kan ikkje løysast ved å setje inn automatgiret «det er kulturen vår».

Reaksjonar på påfunnet til Kulturdepartementet om «Mangfoldsåret 2008» kan illustrere skilnaden mellom ei multikulturalistisk og ei betre tilnærming: den standardliberale. Kulturminister Trond Giske vil at 2008 skal vere eit markeringsår for kulturelt mangfald. Han utfordrar mellom anna institusjonsteatra og krev at skodespelarar, forfattarar og publikum reflekterer at samfunnet er fleirkulturelt. Dette er ei standardliberal tilnærming der ein søker å fornye dei eksisterande institusjonane og gjere dei meir opne. Men i staden for slike justeringar krev multikulturalistar eigne arenaer på dette som på andre område. Eigne teater og musikk-klubbar meiner dei er det som kan gje eit godt kulturelt tilbod også til minoritetsgrupperingar.

## Problemet

Problemet med ein slik tankegang og med multikulturalismen generelt er tredelt. For det første vil oppskrifta fort føre til parallelle samfunn innanfor statsgrensene. Politikken vil forsterke skilnader i staden for å rive ned gjerda mellom oss.

For det andre kan overdriven vekt på kulturelle og religiøse tradisjonar hindre oss i sjå kvart tilfelle for seg. Guiden på Norsk folkemuseum kan ikkje krevje å få gå i niqab. Fornuftige fellesløyseringar får fort for liten plass om ein alltid må ta omsyn til «kulturen min».

Jamfør krava frå Det muslimske rådet i Storbritannia (Dag og Tid 9.3.): Skulane må vere innretta slik at muslimske klesskikkar, matvanar og rituelle bønner får

betre plass. Men dei kan ikkje slutte med kunst- og kulturundervisning.

### Filosofisk svikt

For det tredje sviktar multikultitankegangen på det filosofiske planet. Dette er eit viktig poeng i den siste boka til den indiskfødde politiske tenkjaren og nobelprisvinnaren i økonomi Amartya Sen, *Identity and violence* (omsett til svensk på forlaget Daidalos). Sens tilbørlege oppmoding er: Folk sjølve må få høve til å velje kva for identitetsmerkelapp som i ulike samanhengar skal vere den viktige. Til dømes kan ei kvinne vere norsk statsborgar, fødd i Afrika, busett i Trondheim, jobbe som lærar, vere utdanna historikar, spele bedriftsfotball, elske jazz og dessutan vere bridgespelar, HRBKsupporter og med i styret til Somalisk kvinneforeining. Ho kan av og til kjenne at minoritetstilhøyrsla er relevant. Men vel så ofte vil ho ynskje å samhandle på basis av tilhøyrslar ho deler med medlemmer av majoritetskulturen. Valet er hennar.

### Religiøse skular

Eit samfunn basert på multikultiideologien vil til dømes innebere fleire religiøse skular. Separate religiøse skular tyder at berre éin av alle identitetsmerkelappane til eleven vert lagd vekt på. Men elevane som går der, har jo potensielt ei rekkje andre tilhøyrslar også. Ved å dyrke fram den eine identiteten vert det gjort eit val på vegner av eleven om kven han bør vere. Dei andre mogelege

tilhøyrslene for elevane vert underordna den religiøse og kulturelle. Då vert den framtidige fridomen eleven har til å velje kven han vil vere, snevra inn; det er alt bestemt at den religiøse og kulturelle tilhøyrsla skal vere den primære.

### Eit eksperiment

Når vestlege demokrati no uavvendeleg vert meir fleiretniske, liknar det eit eksperiment. Vi kan ikkje følgje spora til nokon som har gått vegen før oss og heller ikkje peike på andre samfunn som mønsterverdige. Det største mistaket ligg i å tru at alt skal gjerast som før – slik ein kristen-nasjonalist som Hallgrim Berg ser ut til å gjere. Men multikulti-ideologien går for langt i motsett retning ved å krevje særordningar i staden for å søkje å endre dei eksisterande institusjonane.

Den beste måten å lukkast med eksperimentet er ved demokratisk inkludering. Og i så måte vert umerkeleg demokratiet vårt betre. Aldri før har minoritetsgrupperingar hatt betre politiske talspersonar enn i dag. 8. mars gjekk Arbeidarpartiets modige Saera Khan jamvel ut og kritiserte norske feministar for den tafatte haldninga deira til innvandrarkvinnens fridomsrettar. Slikt gjev grunn til håp.

### *Svein Tuastad*

*Svein Tuastad er fyrsteamanuensis ved Institutt for sosialfag ved Universitetet i Stavanger.*